NORDHORDLANDS pakken

# PROTOKOLL
## Generalforsamling 2014 i Nordhordlandspakken AS

**Stad:** **Nordhordland Utviklingsselskap IKS**
**Tid:** **Fredag 20. juni kl. 08:30 – 09:00**

**Til stades:** Pål Kårbø (styreleiar), Sveinung Valle (Hordaland fylkeskommune), Marit Sørstrøm (Bergen kommune), Jon Askeland, Håkon Matre og Rune Heradstveit (NUI).

Referent Rune Heradstveit (dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS)

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| 1/14 | **Godkjenning av aksjar og fullmaktar**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene. Av selskapet sin aksjekapital er 100 % av aksjane representert. |
| 2/14 | **Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner innkallinga. |
| 3/14 | **Val av møteleiar.**<br><br>**Vedtak:**<br>Styreleiar Pål Kårbø vart valt til møteleiar. |
| 4/14 | **Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.**<br><br>**Vedtak:**<br>I tillegg til møteleiar vart Sveinung Valle valt til å skriva under protokoll frå møtet. |
| 5/14 | **Godkjenning av årsrekneskapen for 2013**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga vedtok framlagt rekneskap 2013 for Nordhordlandspakken AS.<br>Årets underskot, kr. 214 020 vert ført mot annan eigenkapital / udekka tap. For posten anna driftskostnad vart det gjort ei munnleg orientering frå styreleiar. Generalforsamlinga meinte at dette burde vore omtala i eiga note. |
| 6/14 | **Årsberetning frå styret 2013**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsberetning 2013 for Nordhordlandspakken AS. |

| | |
|---|---|
| 7/14 | **Revisors beretning for 2013.**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga tek revisor sin beretning til etterretning. |
| 8/14 | **Fastsette godtgjersle til styre**<br>Siste året har det vore svært stor aktivitet i selskapet med mange informasjonsmøter, og hyppige styremøter.<br><br>Med bakgrunn i dette, og det at godtgjerdsle til styret har stått uendra sidan GF i 2010, gjer ein framlegg om ein auke i honoraret på kr 10 000 for styreleiar, og kr 5 000 for resten av medlemene i styret.<br><br>**Vedtak:**<br>På grunn av selskapet økonomiske situasjon vert det ingen endringar i styrehonorar.<br>Som styrehonorar for perioden mellom GF 2013 og GF 2014 vedtok generalforsamlinga følgjande honorar:<br>▪ Leiar kr. 40 000<br>▪ Nestleiar kr. 25 000<br>▪ Styremedlem kr. 20 000<br>▪ Varamedlem kr. 1 500 pr. møte<br><br>Godtgjersle vert utbetalt som ein eingongssum og avløysar innsending av reiserekningar, krav om møtegodtgjersle og godtgjersle fot tapt inntekt. Fullt styrehonorar føresett at ein har delteke på minst halvparten av styremøta, medan deltaking på færre enn dette gjev halvt honorar. |
| 9/14 | **Fastsette godtgjersle til revisor**<br><br>**Vedtak:**<br>Revisor vert godtgjort i samsvar med faktura frå Helge Frosta. |
| 10/14 | **Val av styre**<br>Margunn Bjørnestad har gitt valnemnda melding om at ho ynskjer å trekkja seg frå styret, og Astrid Aarhus Byrknes om at ho ikkje ynskjer attval. Varamedlem Torill Eidsheim har gitt melding om at ho ikkje ynskjer attval, og Hordaland fylkeskommune har oppnemnd Silja Ekeland til kandidat som nytt varamedlem til styret.<br><br>Med bakgrunn i dette har valnemnda fylgjande innstilling til nytt styre:<br><br>Pål Kårbø — Vara: Silja Ekeland — 2014 - 2016<br>Kristian Helland — Vara: Berit Jakobsen — 2014 - 2016<br>Kristin Handeland — Vara: Ole Lysø — 2014 - 2016<br>May Eva Sandvik — Vara: Lasse Ståløy* — 2014 - 2015<br>Leidulv Brunborg* — Vara: Tom Sverre Tomren* — 2013 - 2015<br><br>*Kandidatane står ikkje på val.<br><br>Valnemnda har bestått av Nils Marton Aadland, leiar (Nordhordland Utviklingsselskap IKS), Mona Hellesnes (Hordaland fylkeskommune) og Ragnhild Stolt-Nielsen (Bergen kommune). |

| | |
|---|---|
| | **Vedtak:**<br>Generalforsamlinga fylgde innstillinga frå valnemnda og nytt styre er:<br><br>Pål Kårbø — Vara: Silja Ekeland — 2014 - 2016<br>Kristian Helland — Vara: Berit Jakobsen — 2014 - 2016<br>Kristin Handeland — Vara: Ole Lysø — 2014 - 2016<br>May Eva Sandvik — Vara: Lasse Ståløy* — 2014 - 2015<br>Leidulv Brunborg* — Vara: Tom Sverre Tomren* — 2013 - 2015<br><br>*Kandidatane står ikkje på val.<br><br>Generalforsamlinga vil be om at det ved neste vedtaksendring vert vurdert om styreleiar skal veljast av generalforsamlinga. |

Knarvik, 20. juni 2014

Pål Kårbø

Sveinung Valle